

DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger biskop

Prestskapet i Stavanger bispedømme
Fellesråd og sokneråd i Stavanger bispedømme

Dato: 15.06.2010

Vår ref: 09/35-6 ABÆ

Dykkar ref:

Dåp i regi av forsamlingar, organisasjonar og bedehus

Dåp i regi av forsamlingar, organisasjonar og bedehus blir i eit avgrensa omfang praktisert i Stavanger bispedømme, spesielt i nokre av prostia. Enkelte stadar skjer dette etter kontakt med den lokale kyrkjelyden, andre stadar utan at det har vore samtalar og kontakt om saka. I Domprostiet er det gjort ein formell avtale med IMI-Kirken som blant anna omfattar dåp.

Stavanger biskop har i ei årrekkje motteke spørsmål og gjeve råd vedrørende slik dåpspraksis. Dette omfattar spørsmål om korleis foreldre og organisasjonsleiarar skal bli møtt når dei ønskjer å registrera dåp og om ryddige rutinar for kyrkjebokføringa i denne samanhengen.

På bakgrunn av samtalen i prostemøtet 11. januar 2010 ønskjer Stavanger biskop å vidareføra denne rådgevinga. Det følgjande gjev uttrykk korleis biskopen i hovudsak ønskjer at slike saker skal blir møtt i kyrkjelydane i bispedømmet.

Stavanger biskop tar utgangspunkt i at ein dåp i den treeinige Guds namn er ein gyldig kristen dåp og at eit barn ikkje skal lida på bakgrunn av foreldra sine val.

Det er ønskjeleg at foreldre og forsamlingsleiarar blir møtt på ein imøtekomande måte når dei har kontakt med sokneprest og andre kyrkjeleg tilsette for å drøfta eller melda frå om dåp på bedehuset.


Der det ligg til rette for det kan prosten eller ein enkelt kyrkjelyd ved soknepresten inngå avtale med bedehus eller forsamling som ønskjer å praktisera sakramentsforvaltning. Avtalen skal godkjennast av biskopen. Avtalen bør innehalda eit punkt om at forsamlinga ved dåp av barn som er tilhøyrande Den norske kyrkja, gjev melding om dåpen til kyrkjebokførande prest på barnets heimstad. Dersom det ikkje ligg føre slik avtale, skal foreldra melda frå om dåpen. Meldinga bør normalt vera skriftleg i form av ei stadfesting frå den som har utført dåpshandlinga.


Når eit barn som er tilhøyrande Den norske kyrkja, er døypt på bedehuset, blir barnet ført inn i kyrkjeboka, utan nummer. Ein kan skriva i merknadsfeltet kvar og av kven dåpen er utført. Framstilling i kyrkja er ikkje pliktig og kan ikkje innførast som eit kriterium for kyrkjeleg registrering.

Dersom barnet ikkje er tilhøyrande Den norske kyrkja, kan det meldast inn i kyrkja på bakgrunn av dåp på bedehuset.

Ein dåpsattest er ei utskrift av kyrkjeboka og kan utstedast av kyrkjebokføraren når dåpen er registrert i kyrkjeboka.

Med helsing


Erling J. Pettersen
biskop



Arne Berge
avdelingsleiar, kyrkjelydsutvikling
Direkte innval: 51 84 62 85